



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Konsesjonsavd.
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 20.04.2021
Vår ref: 21/01924-2
Deres ref: 202000026-8

Fråsegn til høyring av søknad om løyve til å bygge Smådalselva kraftverk i Samnanger kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG,NR, NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 1. mars 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova og vassressurslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Det er søkt til NVE om konsesjon for å etablere eit nytt småkraftverk og utnytte vassressursane i Smådalselva til kraftproduksjon. Det vil årleg bli produsert om lag 9,0 GWh rein og fornybar energi som utgjer strømbehovet til 450 husstandar. Strømproduksjonen er vurdert som positiv for området. Smådalselva er ei lita elv som får tilsiget frå fjellområdet sør for Tysse.

Fråsegn frå DMF

Inntaket til det planlagde kraftverket ligg i nærleiken av ein grusførekomst, registrert i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin kartdatabase for Grus- og pukk¹. Førekomsten er av mindre betydning, og DMF vurderer at etablering av kraftverket ikkje vil få konsekvensar for førekomsten.

Massehandtering

DMF registrerar at det i konsesjonssøknaden er gjort greie for massebalanse, og DMF forstår i den samanheng at tiltaket krev uttak av massar for bygging av leidningsgrøft.

¹ Grusførekomst Ytre Tysse (NGU)

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Del_fakta_KS.fkom_besk?p_objid=106723



Det er opplyst om at det ikkje vil vere behov for permanent massetak/deponi utanfor anleggsområdet, da prosjektet er planlagt å ha massebalanse. Massar frå leidningsgrøft vil bli brukt i sjølve leidningstraséen der det vil vere behov for justering/arrondering av terrenget. Overskotsmassane vil bli nytta til bygging av permanent framkomstveg, fylling rundt kraftstasjon og plastring. Jordmassar blir fjerna og lagra midlertidig innanfor anleggsområdet, og blir tilbakeført etter avslutta anleggsfase.

Forholdet til minerallova

Ved tiltak som omfattar uttak av massar, er DMF opptatt av å avklare forholdet til minerallova. DMF tolkar opplysingane slik at fjerning av massar er nødvendig for å realisere formålet, og at det ikkje er behov for ytterlegare uttak av massar utanom fjerning av overskotsmassar. Ut i frå det opplyste i konsesjonssøknaden legg DMF til grunn at uttak av massar ikkje skal gjerast i større grad enn nødvendig for tilrettelegging av kraftverktbygging. Dette inneber i så tilfelle at minerallova ikkje får relevans for tiltaket, jf. minerallova § 3. Dersom uttaket blir endra i forhold til det opplyste, er tiltakshavar ansvarleg for å avklare forholdet til minerallova med DMF.

Vi har på noverande tidspunkt ingen ytterlegare merknader til saka.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Karoline Ulvund
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat,
Konsesjonsavd.

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: